

«Opplæringens mål er å utvide barns,  
unges og voksne s evner til erkjennelse og  
opplevelse, til innlevelse, utfoldelse og  
deltakelse» (Læreplanen K06)

# Prosjektrapport Tysnes kulturskule

2015-2020

Kommunal prosjektgruppe



## Innhold

1. Samandrag.....	2
2. Bakgrunn .....	3
2.1Prosjektgruppe.....	3
2.2 Mål.....	3
2.3 Arbeidsmåtar, og korleis innhenta informasjon i gruppa .....	4
3. Norsk kulturskule – kulturskule for alle.....	4
Nasjonale satsingsområde.....	4
3.1.1Opplæringslova .....	4
3.1.2 «Kulturutredningen 2014» .....	5
3.1.3 Rammeplan for kulturskulen.....	5
3.1.4 Kulturskulen sitt mål.....	5
4. Tysnes kulturskule 2015 – statusrapport med kommentarar.....	6
4.1 Kulturskulen si kjerneverksemد .....	6
4.1.1. Økonomiske rammer, personalressursar og elevplassar .....	6
4.1.2 Totale kostnader og ressursbruk.....	7
4.1.3 Vurdering av tilbod til sjølvkost.....	8
4.2 Dei faglege tilboda.....	8
4.2.1 Samarbeid med skule, barnehage og Sfo .....	8
4.2.2 Tenester til kor og korps.....	8
4.2.3 Samarbeid med andre .....	8
4.2.4 Lokalisering og organisering.....	9
4.2.6 Kulturskulen og kulturlivet .....	9
4.2.7 Brukarundersøking haust 2015 .....	9
5. Visjon og måل .....	10
6. Framtidige satsingsområder.....	11
3 Vedlegg .....	12
Brukarsøking i Tysnes kulturskule.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.

## 1. Samandrag

Denne rapporten er eit resultat av kommunestyret sitt vedtak (16. juni 2015) om oppretting av ei prosjektgruppe med mandat til å formulera ein plan for korleis kulturskulen i Tysnes kommune kan utviklast til å tilby eit breiare tilbod enn i dag.

Tysnes kommune sin kulturskule rettar seg i dag i hovudsak mot barn og unge i alderen 6 –19 år, og tilbyr og dirigenttenester til korps og kor i kommunen. Kulturskulen sine fag er primært musikk og dans. Sidan oppretting av dei første kulturskulane i Norge på 1960-talet har desse hatt ei sterk utvikling og vekst, og sidan 1997 har kulturskulane sitt tilbod vore heimla i Opplæringslova.

Tysnes kulturskule framstår i dag både som ein kvalitativt god og utviklingsvillig institusjon innanfor dei økonomiske og arealmessige rammene den har. All undervisning er går i hovudsak føre seg i lokale ved dei ulike skulane i kommunen og i Tysnes musikklag sitt øvingsrom i Tysneshallen. Kulturskulerektor har kontor i Tysnes skule sine lokale. I tillegg leiger kulturskulen lokale og lærekrefter hos bedrifta Svingen Puls i samband med dansetilbodet som vart oppretta hausten 2015. Dagens organisering er difor krevjande både med tanke på ressursutnytting og samarbeid mellom dei tilsette. Ressursgruppa ser difor gode mogelegheiter for meir effektiv drift knytt til ei framtidig samlokalisering med Tysnes skule og Vaksenopplæringa i Tysnes i felles nybygg.

For å få oversikt over kva målgruppa til kulturskulen tenkjer om kvaliteten på dagens tilbod og kva dei som ikkje nyttar tilboden ønskjer seg, gjennomførte prosjektgruppa tre ulike spørjeundersøkingar hausten 2015 (sjå punkt 4.2.7 side 8). Undersøkingane synte at dei som nyttar kulturskulen i dag er nøgde med undervisninga. Blant dei som ikkje nyttar dagens tilbod synte svara at det var svært ønskjeleg med eit tilbod til førskuleborn. Mange ga og utrykk for et dei visste for lite om kva kulturskulen kunne tilby.

I prosjektgruppa sitt arbeid med denne planen har det vore utfordrande å vurdera ressursbruken i kulturskulen i lys av ønsket om eit utvida tilbod. Ved ei eventuell auka eigenbetaling ventar ein og at noko av elevmassen av økonomiske årsakar vil falla frå. Vidare ser ein at auka aktivitet kan «ta» deltakarar frå andre fritidstilbod. Det er og knytt utfordringar til transport, kvalifiserte lærekrefter og tenlege lokale.

Prosjektgruppa si vurdering av kulturskulen sitt framtidige tilbod legg i stor grad resultata frå dei tidlegare nemnde spørjeundersøkingane til grunn. Desse syner at det er særleg sosiale gruppeaktivitetar som er ønska. I tillegg til dagens tilbod meiner gruppa difor at ein i stor grad bør prioritera arbeid med ulike kreative aktivitetar for førskulebarn, men og ulike kortare tidsavgrensa kurs i samarbeid med ulike lag og organisasjonar.

Skulen blir av mange oppfatta som anonym, og dei veit lite om kva kulturskulen tilbyr i dag. Dette kan ha å gjera med at kjerneområda i dag er avgrensa til song, musikk og dans, men og at marknadsføringa er mangelfull. Skal kulturskulen i større grad stå fram som eit lokalt ressurssenter for barnehage, skule og lokalt kulturliv, vil dette i noko grad bety auka ressursar. Slik kulturskulen er i dag, vert han noko «topptung», av di mykje av ressursane går til administrasjon. Dette vil jamne seg ut dersom elevmassen aukar.

## 2. Bakgrunn

I samband med budsjetthandsaminga i juni 2015, vedtok kommunestyret å oppretta ei prosjektgruppe som skulle utarbeida ein plan for kulturskulen. Gruppa skulle gjea ei totalvurdering av kulturskulen og koma med innspel til framtidige satsingsområde, gjerne i eit 5 års perspektiv. Planen skulle òg innehalde ei totalvurdering av kostnad og ressursbruk, derunder vurdering av aktivitetar til sjølvkost.

I budsjetthandsaminga vart kulturskulen tilført kr.100 000. Desse løyingane skulle øyremerkast nye tiltak i kulturskulen, som t.d. dans og drama. Ettersom kulturskulen starta opp eit nytt tilbod om dans frå hausten 2015, såg ein for seg at 50.000 av dei ekstra midlane vart nytta i 2015.

### 2.1 Prosjektgruppe

Aud Kaldefoss	prosjektleiar	oppvekstsjef
Yngve Nikolaisen	prosjektdeltakar	rektor kulturskulen
Are S. Lygre	prosjektdeltakar	rektor
Grethe Barmen	prosjektdeltakar	Onarheim musikklag
Lena Sløgedal	prosjektdeltakar	barnehagerettleiar
Anne Kristi Alfstad	prosjektdeltakar	organisasjonane sin representant

### 2.2 Mål

#### *Resultatmål*

Resultatmål er konkrete krav til prosjektresultat og skal vera objektiv målbare.

- Prosjektet skal levera ei fullstendig vurdering av kulturskulen i dag
- Prosjektet skal leggja fram ein plan for framtidig utvikling av kulturskulen i eit perspektiv på minimum 5 år.
- Prosjektet skal levera ein rapport som gjev grunnlag for at det kan gjerast vedtak om å om framtidig utvikling av kulturskulen i Tysnes kommune og gjerast turvande løyingar til ei slik utvikling.
- Rapporten skal mellom anna kast lys over følgjande problemstillingar:
  - Innhald i kulturskulen, forventning frå brukarar og utviding av aktivitetsområde
  - Kulturskulen sine kjerneoppgåver – korleis auka kulturskulen sitt tilfang av barn og unge?
  - Kulturskulen sine sekundæruppgåver - skal kulturskulen framleis formidla tenester til kor og musikklag?
  - Sjølvkostmodell innafor kulturskulen
  - Samarbeid mellom Tysnes kulturskule og andre kulturskular i regionen.
  - Fysiske lokale ligg i hovudsak utanfor mandatet.
- Prosjektarbeidet skal vera avslutta innan 31. desember 2015.

## ***Effektmål***

Effektmål er krav og forventningar som oppdragsgjevar ønskjer å oppnå gjennom prosjektet i eit kort og langsigtig perspektiv.

- Prosjektet skal gi føresetnader for meir effektiv drift på lang sikt gjennom god fleksibilitet og vurdering av sambruk mellom kulturskulen og andre tenester.
- Prosjektet skal vere ei trygg ramme for ei kontinuerleg, open og samordna utvikling av kommunen og leggja til rette for godt samarbeid internt i kommunen og mellom kommuneorganisasjonen og samfunnet.
- Prosjektet skal bidra til at Tysnes kommune får eit godt omdøme blant dei som bur i og samarbeider med kommunen.
- Prosjektet skal gjennom utnytting av ny kunnskap verka til å leggja til rette for effektiv drift for komande periodar.

## **2.3 Arbeidsmåtar, og korleis innhenta informasjon i gruppa**

Prosjektgruppa har hatt 11 møte i prosjektperioden, samt ein ekskursjon til Kvinnherad kulturskule.

Det har vore utarbeidd og gjennomført ei nettbasert brukarundersøking.

Gruppa har teke utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen; «Mangfold og fordjuping» og «Kulturutredningen 2014».

## **3. Norsk kulturskule – kulturskule for alle**

### **Nasjonale satsingsområde**

#### **3.1.1 Opplæringslova**

Kulturskuletilbodet rettar seg i hovudsak mot barn og unge i alderen 0–19 år. Kulturskulen sine fag er primært musikk, dans, teater, visuell kunst og skapande skriving. Sidan oppstarta på 1960-talet har kulturskulane hatt ei sterk utvikling og vekst, og sidan 1997 har kulturskulane vore heimla i *Opplæringslova*:

#### **§ 13-6. Musikk- og kulturskoletilbod:**

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles.»

### **3.1.2 «Kulturutredningen 2014»**

«Kulturutredningen 2014» hadde som mandat å gjennomgå og vurdere kulturpolitikken etter 2005. I del 5 av rapporten, kjem utvalet med sine tilrådingar. Her seier utvalet noko om kva dei ynskjer for kulturlivet og kulturskulane:

«Vi vet at kommune-Norge er mangfoldig og at livet leves lokalt. Derfor bør tiltak bygges opp nedenfra med utgangspunkt i lokale forutsetninger, menneskelige ressurser, prioriterte ønsker og behov. Samtidig er det et mål med mest mulig likeverdighet i tilbud i hele landet.»

Norsk kulturskoleråd sin visjon er «kulturskole for alle», med like mogleigheter til deltaking og utvikling. Kulturskulen skal vere kjenneteikna av høg kvalitet og mangfald, og ta vare på både breidde og talent.

### **3.1.3 Rammeplan for kulturskulen**

Rammeplan for kulturskulen er utarbeidd i regi av Norsk kulturråd. Dette er ein forpliktande rammeplan for planlegging, gjennomføring og vurdering av kulturskulen si verksemd. Planen gir også informasjon til foreldre, eigar og tilsynsmynde.

Planen peikar på kulturskulen som eit lokalt ressurscenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet. Samarbeidet kan til dømes omfatte felles bruk av lokalar, instrument, instruktørar og dirigentar. Kulturskulen si oppgåve er her å støtte opp om aktivitetane i det frivillige kulturlivet med kompetanse, og bidra til at ressursar blir utnytta på best mogleg måte.

### **3.1.4 Kulturskulen sitt mål**

Rammeplanen for kulturskulen seier:

«Kulturskulen skal

- gi alle elevar mogleghet til å utvikle kunnskapar og ferdigheter i kunstfag
- gi alle elevar mogleghet til å finne og formidle eigne kunst- og kulturuttrykk
- styrke elevane sin estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse
- styrke elevane si evne til kritisk refleksjon og sjølvstendige val
- gi fordjupingsmogleigheter som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning innan kunst- og kulturfag
- i samarbeid med skuleverket bidra til eit heilskapleg kunst- og kulturfagleg tilbod til alle barn og unge
- som lokalt ressurscenter medverke til å styrke kulturell kompetanse og utfaldning
- i samarbeid med kulturlivet tilby kunst- og kulturfagleg støtte til opplæring og formidling til heile lokalsamfunnet»

Kommunane bestemmer sjølv omfanget og innhaldet i kulturskulen. Rammeplanen kapittel 2, seier noko om kommunen sitt ansvar.

Kommunen som skuleeigar har ansvar for at:

- kulturskulen sitt tilbod følgjer nasjonale føringer gjevne i rammeplanen.
- kulturskulen har kvalifiserte lærarar.
- kulturskulen har lokale som er tilpassa den undervisninga som blir tilbydd.

«Med tilvising til opplæringslova kan kulturskulen inngå i fylkesmannen sitt tilsyn med kommunane. I tillegg til å undersøke kva slags kulturskuletilbod kommunen har, kan kulturskulen sitt samarbeid med skuleverket og kulturlivet inngå i tilsynet.»

«Skuleeigar har ansvar for drift av kulturskulen og for å sikre at kulturskulen har eit system for kvalitetssikring av opplæringa.» (Sjå Rammeplan for kulturskolen, s. 16)

## 4. Tysnes kulturskule 2015 – statusrapport med kommentarar

### 4.1 Kulturskulen si kjerneverksemد

#### 4.1.1. Økonomiske rammer, personalressursar og elevplassar

Budsjett 2015

Totalbudsjett	1.175.000.-
Nettobudsjett (kommunal del)	725.000.-
Inntekter (brukarbetaling)	450.000.-

Totalt 87 elevar fordelt slik:

Dans:	40 elevar
Piano:	14 elevar
Gitar:	8 elevar
Messing:	19 elevar
Slagverk:	5 elevar
Song:	1 elev

Sal av timer til Kor/Korps : 23 timer (45 min) Dirigent og gruppeøvingar

Personalressursar:

- Rektor 100% stilling (ca. 40 % administrasjon, piano, messing, dirigent, undervisning i skular og barnehagar (servicepakke))
- Piano/songlærar 12,8%
- Korpsdirigent/messinglærar 35,5%
- Korpsdirigent 15,4%
- Slagverklærar 12%
- Kornettklasse 7,7% (100% refusjon frå Uggdal skule)

Sum stillingar 183,4%

### Kjøp av lærartenester

Kordirigent	19,25%	Honorar
Danselærar	14,10%	«
Gitarlærer	16,25%	«
Sum lærarkjøp =	49,6 %	

Total undervist tid: 193%

### Kulturskuleundervisning:

Gitar	16,25 % einskild
Dans	14,10 % gruppe
Slagverk	8,55 % einskild
Piano	23,94 % einskild
Song	1,71 % einskild
Messing	20,95 % (Gruppe 8,98 % /einskild 11,97 %)
<u>Sum</u>	<u>85,50 %</u>

Timesal dirigent/instruktør 88,55%

Timesal skular/servicepakke 20,20% ( 11,55 + 8,65%)

### Betalingssatsar (2015)

Satsar for Tysnes Kommune og nabokommunar:

	Tysnes	Sveio	Stord	Fitjar	Fusa	Kvinnherad	Bømlo
Einskild	2500	2460	3430	2874	3128	3300	3245
Gruppe	2000	1820	3120	x	x	3300	X
Sal til friviljuge	15960	x	15000	x	x	14900	X

### **4.1.2 Totale kostnader og ressursbruk**

Bruttabudsjett 1.175.000,-

- Inntekt Kor og korps: 361.000,-
- Inntekt Elevpengar 137.000.-

Sum brukarar: 498.000,-

Inntekt sal til skular: 138.000,-

Totale inntekter : 636.000,-

### Betalingssatsar pr år:

Elevpengar einskild: 2.500.-

Elevpengar gruppe: 2.000.-

Timesal: 15.960.-

#### **4.1.3 Vurdering av tilbod til sjølvkost**

Det kan setjast høgare timepris på timesal til friviljuge, slik at desse timane vert selde til sjølvkost. No vert dei «subsidiert» med ca. kroner 5000,- per årstime, dvs. om lag 25 % av timeprisen, gjennom kulturskulebudsjettet. Dersom timane skal seljast til sjølvkost, bør kulturtilstketet aukast tilsvarende.

Dersom tilskotet ikkje vert auka tilsvarende, kan ein konsekvens verta at laga vil redusera talet på kjøp av timer, eller ikkje kjøpe timer i det heile. Dette vil gå utover den faglege kvaliteten til laga og den samla kompetansen i kulturskulen. Det vil mellom anna bli vanskelegare å leie inn kvalifiserte dirigentar/instruktørar.

Korte kurs som helgeseminlar, eller til dømes 7 veker-kurs, kan arrangerast ved å starta tilboda ved nok deltaking. Desse kan truleg kunne finansiera seg sjølv, dersom det vert nok deltararar.

### **4.2 Dei faglege tilboda**

#### **4.2.1 Samarbeid med skule, barnehage og Sfo**

Kulturskulen tilbyr skule og barnehagar ein «servicepakke» dvs. at dei kan tinga kulturskulen til å vere med på ulike prosjekt/konsertar gjennom året. Dette kostar ikkje noko for skular og barnehagar, men går inn i kulturskulen si verksemnd. Tilboden er nytt, og er difor i ein «innkøyringsperiode».

Uggdal skule kjøper timer til kor og kornettundervisning. Kulturskulen nyttar skulerom til si undervisning. Det er og kulturskuleundervisning på messing og slagverk i korpsrommet til Tysnes musikklag. Ein del av kulturskuleundervisninga føregår i SFO-tida, men er for tida ikkje organisert som et SFO-tilbod.

#### **4.2.2 Tenester til kor og korps**

Kulturskulen tilbyr i dag i stor grad dirigent og instruktørtenester til kor og korps. Personalet i kulturskulen er i stor grad tilsett med tanke på å levera denne kompetansen til laga. Dette har gitt ein kontinuitet som er unik og gir laga ein god stabilitet. Så lenge grunnkompetansen til desse tenestene ligg i kulturskulen, er det lett å vidareføra tenestene. I «rammeplanen» står kor og korps oppført som kjerneområde for kulturskulane.

#### **4.2.3 Samarbeid med andre**

Det har vore nytta lærarar som har vore/er tilsett i fleire kulturskular. Erfaringane gjer at dette lett vert ustabilt, pga. små stillingar og store avstandar. Samarbeid med andre kulturskular kan likevel vurderast/vidareutviklast dersom det er ressurspersonar tilgjengeleg i regionen, eller at det er eit lokalt ynskje om ein særskild aktivitet me sjølv ikkje har kompetanse til. Dette vert heile tida vurdert av kulturskulerektor.

Tysnes kulturskule har skuleåret 2015/16 inngått ein samarbeidsavtale med SvingenPuls om lokale og instruktør til danseundervisning. Tilboden vert evaluert i løpet av våren 2016.

Tysnes kulturskule er medlem i Norsk kulturskuleråd, og rektor deltek i fleire ulike nettverk.

#### **4.2.4 Lokalisering og organisering**

Kulturskuletilbodet er i dag hovudsakleg lokalisert rundt om på dei tre skulane i kommunen. Korpsrommet i Tysneshallen er òg nyttar der det er naturleg. I tillegg har me ein leige/kjøpsavtale med Svingen Puls. Kulturskulen har undervisning av eigne elevar på ettermiddags/og kveldstid.

Administrasjonen til Kulturskulen flytta til Tysnes skule hausten 2014, etter at ein hadde fått oppgradert eit grupperom som var høveleg for formålet. Det er ein stor fordel å få lokalisert kulturskulen i lag med Tysnes skule og vaksenopplæringa. Det er små stillingar og få tilsette i Kulturskulen, noko som gjer det positivt å bli del av ei større eining. Her er det eit større sosialt og fagleg fellesskap, og større høve til møteverksemid m.m.

I ny organisering av Tysnes kommune vert kulturskulen og vaksenopplæringa planlagt som ein del av eininga Tysnes skule. Kulturskulen ser fram til å få nye og tenlege lokale, og ikkje minst naudsynt plass til instrument og utstyr.

Nokre kommunar har oppretta eigne bruker-/foreldreutval for å sikre dialog mellom kulturskulen og bruker-gruppene. Plangruppa stiller spørsmål om ein bør opprette ei slik gruppe i Tysnes kulturskule?

#### **4.2.6 Kulturskulen og kulturlivet**

Kulturskulen er med å støtte det lokale kulturlivet på ulike måtar.

- Dei tilsette er ressurspersoner innan sitt felt og er medverkande og ofte pådrivarar til ulike kulturelle aktiviteter.
- Kulturskulen sel kompetanse til frivillige lag , som korps og kor, og gjer det mogleg for dei å drive med kvalitet til overkommeleg pris.
- Kulturskulen sel kompetanse til skular. Eksempel: Uggdal skule har kjøpt timer til å bidra til/leie skulekor, og øver inn repertoar som munnar ut i ein eller to årlege konserter. Her får alle elevar delta. Utgifter til sjølve konserten vert dekkja av Den Kulturelle Skulesekken.
- Kulturskulen sel musikk timer til skulen. Eksempel: Uggdal skule kjøper timer til instrument og noteopplæring. Elevane i 4. klasse får undervisning i kornett. Fleire av desse begynner så i Aspirantkorpsset og går vidare i Skulekorpsset.
- Kulturskulen underviser enkeltelevar/grupper i musikk og dans. Dette er med og sporar og inspirerer ungdommen til å sjå at dei har talent og kan utvikle dette vidare.
- Servicepakken som gjer bistand til planlagde og spontane prosjekt
- Kulturskulen som kompetansemiljø innan kommunen og opp mot lags-livet.

#### **4.2.7 Brukarundersøking haust 2015**

Arbeidsgruppa for kulturskulen ønska å få svar på korleis dagens tilbod fungerer for dei som går i kulturskulen, og kva ein eventuelt kan gjere for å auke kvaliteten og tilfanget til Tysnes kulturskule.

Det vart laga 3 ulike undersøkingar.

1. Til foreldre av barn i førskulealder (45 svar)
2. Til barn og foreldre som nyttar tilbod i kulturskulen i dag (50 svar)
3. Til barn og foreldre som **ikke** nyttar tilbod i kulturskulen. (51 svar)

Den fyrste undersøkinga viste at det var svært ynskjeleg med eit tilbod til førskuleborn. Det er få kulturtilbod for denne aldersgruppa i dag. Fordelinga på ønska aktivitet var slik:

Namn	Prosent
Dans (gjeld frå 4 år)	55,6%
Musikkkleik (4-6 år)	62,2%
Musikkkleik (0-3 år)	42,2%
Barneteater (4-6 år)	51,1%
N	45

Dans var tydelig også eit ynskje når desse barna kjem opp i skulealder.

Den andre undersøkinga viste oss at dei barna som går i kulturskulen i dag trives og er fornøyd med lærarar, undervisning, stad for undervisning og opplegget elles. Ei svært positiv tilbakemelding for kulturskulen.

Dei som går i dag er usikre på om dei ville nytta fleire tilbod dersom det var meir å velje mellom. Det kjem fram at det er positivt at ein har timar i kulturskulen i forlenginga av skuledagen.

Musikal er det tilbodet flest kunne ønska seg, dersom dette var eit val. Då har ein moglegheit til å sette saman mange av kulturskulegruppene og laga noko i fellesskap.

Pris og moderasjonar betyr ein del om det skal nyttast fleire tilbod i kulturskulen.

Den siste undersøkinga var til dei som ikkje nyttar kulturskulen i dag. Denne gruppa vart spurt om ein kjenner til tilboda i kulturskulen. Det var overraskande stor svarprosent på «litt» og «ingen» kjennskap. Her er ein jobb å gjere når det gjeld å marknadsføre kulturskulen sine tilbod.

Kunstverkstad var det tilbodet som flest kunne tenkje seg, av dei som ikkje nyttar kulturskulen i dag.

## 5. Visjon og mål

«Kultur er kult!»

Visjon: *Tysnes kulturskule – gode kulturelle verdiar i Tysnes*

Mål:

- Tysnes kulturskule skal vere eit synleg lokalt ressursenter for musikk og kulturfagleg arbeid i Tysnes kommune.
- Tysnes kulturskule skal gje eit frivillig, meiningsfullt og vedvarande opplæringstilbod innan ulike kulturfag med vekt på barn og unge.
- Tysnes kulturskule skal gje elevane høve til å oppleve meistring gjennom uttrykk og formidling, ut frå den einskilde sine føresetnader.
- Tysnes kulturskule skal legge til rette for tverrfagleg samarbeid og samhandling.
- Tysnes kulturskule skal vere ein aktiv bidragsytar til eit rikt og variert kulturliv i kommunen.

## **6. Framtidige satsingsområder**

Gruppa ynskjer å sei litt om framtidige satsingsområde for kulturskulen i Tysnes. Tilboda kan/bør bli fleire og meir varierte, men utviding bør gå over tid. Det er viktig at nye tilbod får «setje» seg før ein set i gong nye. Vi må vere merksame på at nye aktivitetar kan «stele» elevar frå eksisterande tilbod, og soleis kanskje ikkje bidra til å auke tilfanget. Det er og knytt utfordringar til nye aktivitetar, som kvalifisert lærar, stad å vere, utstyr og eventuell transport av elevar. Når det gjeld framlegg til nye aktivitetar, støtter vi oss til spørjeundersøkinga. Det er særleg sosiale/gruppe aktivitetar som er ønska.

### Nye tilbod:

- Dans: I haust fekk kulturskulen i gong tilbod om dans. Dette er blitt eit populært tilbod som truleg let seg realisere via lokalar og instruktør hos Svingen Puls el.l.
- Kunstverkstad: Kan innehalde aktivitet som maling, teikning, skulptur. Her ser vi moglegheit for at vi har kvalifiserte lærarar lokalt.
- Teater/drama: Over 30% av dei som svarte på undersøkinga ynskte dette. Kan bli ei utfordring med lærarkrefter. Kan eventuelt samarbeide med andre kulturskular.
- Musical: Dette var den aktivitetan som skåra høgast på ynskelista. Ein breispektra aktivitet som kan innehalde instrument, vokal, dans, drama, regi, kostyme og kulisse, lys og lyd. Dette vil vere eit verdifullt tilbod til dei som allereie er elevar i kulturskulen.
- Kortare kurs : Dette har ikkje forankring i undersøkinga, men er blitt diskutert i gruppa. Kulturskular i andre kommunar har nytta kortare kurs der dette er høveleg. T.d. Kurs i handverk og tradisjonar. Her kan eventuelt lokale interesselag vere samarbeidspartnarar.

5 års periode

	Oppstart 2016-2020	Kortare kurs, etter tilgang på kompetanse.
	Oppstart 2017 - 2020	Musikkterapi
	Oppstart 2016 - 2017	Teater/musikal tilbod i skulealder.
Haust 2016	Kunstverkstad. Ca. 40 000,- ekstra i utgifter. Føresetnad store nok grupper (minimum 8 elevar).	
Haust 2016	Tilbod til barn i førskulealder i dans.	

### Auka tilfang:

Skal ein auke tilfang på elevar i kulturskulen, må ein i tillegg til nye aktivitetar sjå for seg nye elevgrupper. Plangruppa ser for seg tilbod til barn i førskulealder, noko som og viser seg er ønska i undersøkinga.

Vidare kan vi og sjå for oss ulike tilbod til funksjonshemma. Dette vert gjennomført i Kvinnherad kulturskule med godt hell.

Når ein ynskjer å nå fleire med kulturskulen sine tilbod, er det naudsynt med ei god og oppdatert nettside. Ein må gje ut god informasjon om tilboda til kulturskulen i skule og barnehage.


Informasjon med søknadsfrist bør ut i god tid før nytt opptak kvar vår.

### **3 Vedlegg**

1. Mandat - forprosjekt Tysnes kulturskule.
2. Rammeplan for kulturskulen: Mangfold og fordjuping.
3. Spørjeundersøking

## Brukarundersøking for å kartlegga ynskjer for tilbod i kulturskulen, for dei som har barn i førskulealder

### 1. Dersom kulturskulen hadde hatt tilbod for førskulebarn, ville du ha nytta det?



### 2. Grunngje svaret, kvifor - kvifor ikkje.

Det er få tilbod for denne aldersgruppa i dag.

Bra for barnas utvikling og kreativitet

Syns det hadde vore kjekt for barnet mitt og få vera med på nokre aktiviteter. Ho har spurt om f.eks handball og ballett, men då må eg svare at det kan ho få vere med på når ho byrjer på skulen

Dersom barnet ønsker å delta

Me ville ha nytta tilboden dersom det var noko barnet var interessert i å gå på, då det er ikkje så mange tilbod til førskuleborna.

Det burde vert veit ikkje svar. Det kommer heilt ann på kass tilbud det blei

Vert ofte nok aktivitetar gjennom veka

Ja, men avhengig av tilbod. Skulle vore svaralternativ "veit ikkje"

Dersom det var tilbod som kunne passa mitt barn.

Dersom interesse hos barnet

Kjekt med ett fritidstilbod. Borna blir kjent med andre barn på øya.

Ord det er sunt med en kulturell fritidsaktivitet. Barna lærer best når de er små og så har kulturskolen mange ulike kurs som kan være interesant.

Litt avhengig av kva tilbuetet inneholder, men det er lite for dei minste.

Positivt for borna, lærerikt.

Ungene mine elsker sang og musikk f.eks

Tror barnet mitt hadde hatt interesse av å prøve ut et slikt tilbod dersom det fantes

Det er ellers lite tilbod.

Usikker, avhengig av mange parametre, ikkje berre tilbodet


Fordi det er begrensa tilbod for denne aldersgruppa

Fordi vi bor på Reksteren og da bruker vi altfor mye tid på kjøring til og fra barnehage, til og fra kulturskule. Det kommer også helt an på hvilke tilbod kulturskulen har. Det er ikke alt som er av interesse.

Musikkoppleving er viktig for barna

Vert for mange utgifter..

### 3. Kva tilbod ville du ha nytta?



### 4. Andre forslag til aktivitetar for denne aldersgruppa?


Eg kryssa av for alle då eg trur mine barn ville ha likt alle aktivitetane

Utforsking av instrument. Begynnande opplæring i instrument

teikning

Klatring

### 5. Dersom du ynskjer at barnet ditt skal nytte kulturskulen i skulealder, kva tilbod ville de ha nytta?



### 6. Kommentarar

Vansklig å svare på, då ein må sjå barnas interessefelt


Stryke instrument

Egentlig for tidleg å svare på...., fleire tilbod er interessante, men i kva grad det ville vore aktuelt å benytte avhenger mykje av når og kvar tilbudet er


Veldig vanskelig å vite hva mine barn vil interessere seg for når de er 5 og 3 år.

## Til barn og foreldre i grunnskulen som idag ikke nyttar kulturskulen sine tilbod

### 1. Kjenner du til tilboda i kulturskulen?



### 2. Kvifor nyttar du ikke tilboden i kulturskulen?



### 3. Kommentarar

Er "ny" på øya og har en gutt på 20 mnd så føler at det er litt tidligt....

Manglende kunst & håndverk tilbud

Savner et hefte ell. med ulike aktiviteter og evt kontaktperson på disse.


Det er mitt inntrykk at barna selv vet for lite om tilbudet i kulturskolen.

Feil alder på det som var interessant, og kostnader blir for høye for en inntekt


#### 4. Dersom kulturskulen hadde hatt desse tilboda, ville du ha nytta dei?

I dag har kulturskulen desse tilboda:


- Song
- Piano
- Gitar/bassgitar/band
- Messing/aspirant
- Slagverk
- Dans




#### Teater




### Kunstverkstad (ulike skapande teknikkar)




### Gatedans




### Skapande skriving




## Animasjon/film




## Matlaging



## Musikal (dans, drama, song)



## Foto



## Er det noko anna du saknar?

Aktivitetar for barn i barnehagealder. T.d turn, ballett osv.

Kunne tenkt oss "vanlig" danseopplæring som swing, gml dans/leikarring o.l

Turn

Alt er på kanskje siden jeg ikke vet pris, men det var ting hun interessere seg for